



**Fjord**  
kommune



**VAL**

## **Valinformasjon for kommunestyre- og fylkestingsvalet den 11. september 2023**

### **Kven har røysterett?**

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, som er eller har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg.
- Statsborgarar i Danmark, Finland, Island eller Sverige som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og er registrert i folkeregisteret som busett i Noreg seinast 30. juni 2023.
- Personar som ikkje er norske statsborgarar, men som har fylt 18 år innan utgangen av 2023 og har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen.

### **Står du i manntalet?**

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag den 11. september må du stå i manntalet. Du har rett til å bli innført i manntalet i den kommunen du er folkeregisterført som busett 30. juni 2023.

Om du har flytta før denne dato, må folkeregisteret ha mottatt flyttemelding seinast 30. juni for at du kan bli innført i manntalet i den kommunen du flytter til. Meir informasjon om manntal og røysterett finn du på [www.valg.no](http://www.valg.no).

### **Offentleg ettersyn**

Manntalet for Fjord kommune ligg ute til offentlig ettersyn frå midten av juli t.o.m valdagen på følgjande stader:

- Servicetorget i rådhuset i Valldal
- Servicekontoret i kommunehuset i Stordal
- Coop Eidsdal
- Joker Stordal

Dersom du meiner å ha rett til å stå i manntalet, men ikkje står der, kan du sende inn skriftleg, grunngjeve krav om dette til Fjord valstyre, Postboks 144, 6211 Valldal. Du kan også kontrollere om du er innført i manntalet ved å ringe 418 67800, eller kontakte oss på e-post: [post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no)

### **Valkort**

Alle veljarar får tilsendt valkort. Ved valet til hausten får alle som ikkje har reservert seg mot digital post frå det offentlege valkortet tilsendt digitalt. Dersom du har med deg valkortet i vallokalet, er det enklare og raskare for valfunksjonærane å finne deg i manntallet.



**Fjord**  
kommune



**VAL**

### **Førehandsrøysting**

Du kan førehandsrøyste på servicetorget på rådhuset i Valldal og ved kommunehuset i Stordal alle kvardagar i perioden 10. august til og med 8. september 2023. Opningstida er kl. 10:00-15:00.

### **Det vert også førehandsrøysting desse stadane:**

<b>Tidspunkt</b>	<b>Stad</b>
Torsdag 31. august kl. 16:00-18:00	Rådhuset i Valldal og kommunehuset i Stordal
Laurdag 2. september kl. 11:00-13:00	Omsorgsbustaden i Eidsdal
Laurdag 2. september kl. 14:00-16:00	Rådhuset i Valldal og kommunehuset i Stordal

### **Instiusjonsval**

Det vert institusjonsval ved Valldal sjukeheim og Stordalstunet måndag 4. september 2023 kl. 10:30-12:00.

### **Ambulerande røysting**

Er du sjuk/ufør og kan du ikkje røyste i førehandsrøysteperioden? Da kan du søkje kommunen om å få førehandsrøyste heime (ambulerande røysting). Slik skriftleg eller munnleg søknad må vere kome kommunen i hende seinast kl. 10:00 fredag 8. september.

### **Tidlegrøysting**

Kan du ikkje røyste i førehandsrøysteperioden eller på valdagen? Da kan du tidlegrøyste frå 3. juli til og med 9. august på rådhuset. Ta i så fall kontakt med kommunen på førehand.

**Adressa til valstyret er:** Fjord valstyre, Postboks 144, 6211 Valldal, e-post: [post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no). Tlf. 418 67 800.

### **Tid og stad for røysting på valdagen måndag 11. september 2023:**

Valldal krins	Martin Linge-huset	kl. 10.00-20.00
Stordal krins	Stordalshallen	kl. 10.00-19.00
Eidsdal krins	Eidsdal skule, gymsalen	kl. 13.00-18.00

Du finn all valinformasjon på kommunen si heimeside [www.fjord.kommune.no](http://www.fjord.kommune.no)

**NB! Husk legitimasjon og gjerne valkort.**